

FRÅSEGN TIL SØKNAD OM REGULERING AV SELSELVA OG AUKA SLUKEEVNE I SELSELVA KRAFT – SUNNFJORD KOMMUNE

Vi viser til brev mottatt 19.04.2024 frå NVE, med høyring av søknad om å regulere Selsvatnet og auke slukeevna i Selselva, dykkar ref. 202205918.

Mattilsynet er sektormynde for å ivareta nasjonale og regionale interesser og føringar i plansaker innanfor Mattilsynet sine forvaltningsområder.

Selselva Kraft AS har søkt konsesjon for å auke slukeevna i Selselva kraftverk frå 1.05 m³/s til 1.3 m³/s, samt å regulere Selsvatnet aktivt med inntil 1 m. Føremålet er å minske flaumtapet over inntaksdammen og slik kunne optimalisere produksjonen gjennom døgnet.

Drikkevatn

Mattilsynet forvaltar drikkevassforskrifta (forskrift om vannforsyning og drikkevann FOR-2016-12-22-1868). Innan drikkevassområdet er vårt ansvar i forhold til plansaker knytt til vern av eksisterande og framtidige drikkevasskjelder og leveringssikkerheit for trygt og nok drikkevatn til innbyggjarane.

Vår vurdering:

Utbyggingsfase:

I søknaden pkt. 3.4 «Skred, flom og erosjon» står at *Under byggingen av reguleringsdammen vil det kunne bli noe tilslamming nedover elva. Siden elva er reserve drikkevannskilde i kommunen, må det settes i verk midlertidige tiltak.*

Vi presiserer at Selselva er hovudvasskjelde til Bygstad vassverk. Inntaket er utforma som inntaksdam i elva plassert i tilslutnad til behandlingsanlegget på Berge.

I søknaden, pkt. 3.13 Ferskvannsressurser, står det at *Kommunens drikkevannskilde, både hovedforsyningen på ca. kote 200 og reserveforsyningen i turbinavløpskanalen, vil bli påvirket av utbygging av reguleringsmagasinet. Under den første utbyggingen av kraftverket ble det lagt opp midlertidig vannforsyning fra Bergsselven. Det er dialog med kommunen om løsninger i forbindelse med oppgraderingen av kraftverket. I alle tilfeller må det sikres og legges til rette for en midlertidig tilførsel av rent drikkevann i anleggsperioden. Permanent løsning forutsettes avklart med kommunen innen konsesjonsbehandlingen slutføres.*

Så vidt Mattilsynet kjenner til, er ikkje inntak i turbinavløpskanal brukt som reserveinntak. Sidan råvatnet i turbinavløpskanalen kan bli negativt påverka i utbyggingsfasen, vil uttak herifrå heller ikkje vere ei god løysing. I staden har reservevatn blitt henta frå Bergselva. Dette var tilfellet under første utbyggingsfase av kraftverket. Men det er ikkje per i dag etablert noko permanent inntak her, slik at reservevatn frå Bergsvatn vil vere ei provisorisk løysing.

Mattilsynet forventar at det vert etablert ei god, midlertidig reserveløysing, både med omsyn til kvalitet og mengde, før oppstart av utbygginga tek til.

Driftsfase:

I søknaden, pkt. 2.4 Fordeler og ulemper ved tiltaket, står at *Aktiv regulering med luke gjør at elva over en strekning på ca. 600 m tidvis vil få stor variasjon i vannføring.*

Opprinneleg plan i samband med utbygging av Selselva Kraft AS, kombinert med eksisterande vassverk i same kjelde, har frå start vore å etablere nytt, permanent inntak etter turbin. Grunna ulike utfordringar har dette enno ikkje kome på plass, men planen er framleis å få etablert ei slik løysing.

Inntil nytt inntak er etablert er det difor viktig å ta omsyn til eksisterande inntak i elva. Etter etablering av nytt, permanent inntak etter turbin, skal eksisterande hovudinntak i elva etter planen fungere som reserveinntak til vassverket.

Etter første utbygging av kraftverket (2016) og medfølgande nedgang i snittvassføring har elveløpet til Selselva grodd til, noko som fører til fare for auka utvasking og meir farge/svevestoff i råvatnet ved stor vassføring. Inntaksdammen kan vere utsett for tilslamming ved endringar i råvasskvaliteten, og tidvis stor variasjon i vassføring i elva vil kunne ha negativ innverknad på kvaliteten på vatnet inn til vassverket.

Behandlingsanlegget ved Bygstad vassverk er oppbygd med UV-desinfeksjon og kontinuerleg klorering. Begge desse behandlingsmetodane er sårbare for varierende innhald av farge og organisk materiale, og tiltaket vil i verste fall kunne føre til svikt i behandlingsanlegget og hygienisk utrygt drikkevatt.

Mattilsynet stiller seg difor negative til tiltaket så lenge inntaksdammen i elva framleis fungerer som hovudinntak til Bygstad vassverk.

Når nytt inntak etter turbin blir etablert vil råvasskvaliteten truleg betrast og med mindre variasjon i kvaliteten gjennom året.

Konklusjon:

Tiltaket påverkar drikkevassforsyninga til Bygstad vassverk.

Mattilsynet meiner at tiltaket ikkje kan tillatast før nytt inntak etter turbin er etablert.

Dersom det vert gitt konsesjon, må det stillast vilkår som sikrar drikkevassforsyninga:

- Nytt inntak etter turbin må vere etablert før arbeid med omsøkt tiltak kan starte.

- Tilfredsstillande reserveløysing for vassverket må vere på plass før utbygging startar.
- I driftsfasen må inntaksdammen vernast mot negativ påverknad av endring i råvasskvaliteten.

Med helsing

Gro Eliassen
Avdelingssjef
Mattilsynet, Region Sør og Vest
Avdeling Sunnfjord og Sogn

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og blir sendt utan signatur.
Dokument som må ha signatur blir i tillegg sendt i papirversjon.*